

P R O L O G.

Til syttande mai i Isdalstø
1965.

Nokre blenk av Noreg si soga
fram gjennom tidene.

Noreg, vårt land. Våre fedrar sitt land,
Du fekk då ein undarleg lagnad:
Fyrst fekk Du ei Hel-natt i isvinterband.
Alt liv under blå-bre laut tagna. - - -
Men soli ho glitra i tind og i fonn - - - -.
Og storbreden gret under tidi si tonn.

Og Noreg vart nækt. Det var skoglaust og audt,
frå midja og heilt ut til endom - - -.
Og landet var steingrått og berglendt og daudt,
til grønkast det byrja langs strendom.
Det låg der i einsemi, urøyvt og trygt,
til farande viking ein bustad fekk bygt.

So storma dei inn, ifrå vest og frå sud,
med klubba og steinøks i hender - - -.
So folka dei Noreg, frå Kjølen til flud.
Dreiv storjakt og fiske langs strender - - -.
Sin heimstad dei allstødt laut verja med makt,
og halda om bustaden årvaki vakt.

For åndi hjå folket var heidensk og kald.
Ei retten, men makti ho råde - - -.
Dei slost og reiv sundt under småkongevald,
so alt berre undergang spådde - - -.
Men trass i alt blodtap i fælslege storm,
steig N O R E G alt klårare fram, og tok form.

Men blodsulka, sårmerkt av rasande slag,
og vædt av ei storflod av tårer - - -.
So samla, ein stormande Hafurfjordsdag,
med skumskavl på blodfarga bårer - - -.
Og sidan, hev Hårfagers Kongstanke rádt,
trass alle dei sverdhogg han sidan hev fått.

1940.

Noreg låg stillt i april-natti grå. Nordhavet dorma ved strender - - -.
Landslydensov, som om inkje stod på, både i by og i grender.
Morgonen rann, og med sorg fekk me sjå kva som hender.:

Fiendar, mest i kvar einaste by. Herskip kring kysten seg sankar - - -.
Skot frå kanonor, og bombing frå fly vekkjer urolege tankar - - .
Folket i ~~otte~~ ser vårdagen gry. Hjarto bankar - - -.

Krig over landet, med mord og med brann - - -. Trælka av utanlandsk styre.
Nå-bleike mannen, med ljåen i hand, fekk no si fullaste hyre.
Sorgfyllte år før vårt folk og vårt land, låg framfyre.

Tusund av fedrar, av vene og brøder
misste sitt liv i dei grufulle år - - -.
Enno lig landet ~~av~~ bivrar og bløder
av desse fælslege, verkjande sår.
Mätte me greida å grøda og heila,
og gjera rett, der dei andre hev feila.

Snu om.

1945.

Me fekk det att, vårt fedreland, av Herrens sterke Frelsarhand - - .
Det var ei festleg gåva. No er det vårt. No er det fritt.
Og træleoket vart me kvitt. Me Herrens namn bør lova.

Våre feders vågemot og møda
gav til oss ein rik, dyrverdig arv.
Me fekk njeta or den fyllte løda
alt det me og borni våre tarv.
Feders liv i sogeglansen gløder,
medan me om deira storverk røder - - - .

Men, kan me liva på dei store minne,
og sola oss i våre feders dåd - - - ?
Då vil me nok vår folkeåker finne
heilt overgrodd med ugras, - utan såd.
Og gamle Noregs kjende andlitsdrag
vert mindre vakre enn dei er i dag.

1965.

No er det vår tur til å byggja i landet,
og reinska vår åker for tiste~~k~~ og torn - - - .
No står det til oss å få synt at me kan det,
og gjera det nænare åt våre born.
Dei grove og skjemmande, heidenske trækk,
dei må me no prøva, i lag, å få vekk..

So fram då, frendar. Legg hand på verket.
Fær samhald ráda, so vert me sterke.
I kjærleik knyter me, hand i hand,
ein ring av samansveist viljestål,
og går til arbeid for dette mål:
Eit enno fagrare Fedreland.

„So heiser me Deg, Du vårt Krossmerkte flag,
på denne vår nyskapte syttande mai.

Sving Deg i vårvindens livsfriske drag!

Blakra, veifta, og svai!

Ved foten her attved di merkestong

lovar me enno eingong!

“Med G U D, for Fedrelandet og kongen.”

Og sterkt gjennom Noreg kling folkesongen - - - .

Johs. M. L. Rydland.